

Tidleg innsats

Tidleg innsats handlar om å gje hjelp så tidleg som mogleg etter at vanskane oppstår.

Å fange opp barn med identifiserte vanskar tidleg:

Det er viktig å fange opp barn som treng ekstra hjelp så tidleg som mogleg. Med tidleg innsats kan me førebygge skeivutvikling, sosiale vanskar, lærrevanskar, fråfall i skulen og å hamne utanfor arbeidslivet.

Døme på ulike vanskar, der eit barn vil ha behov for tidleg innsats:

- Barn med konsentrasjons- og merksamsvanskar
- Høgt aktivitetsnivå
- Manglande impulskontroll
- Vanskar med sosialt samspel
- Vanskar med språk og kommunikasjon

Fokus på tidleg innsats:

- Ha god relasjon til barnet
- Sensitive vaksne
- Vaksne som er til stade for barna
- Observasjon av barn, tankar om behov for tilrettelegging
- Realistiske forventingar
- Ein kvardag utifrå barnet sine føresetnader

Rutine for tidleg innsats

Gjennom observasjon av relasjonar mellom barn-barn og barn-vaksne, og eventuelle kartleggingar som til dømes TRAS (språkutvikling), Alle med (heilhetleg bilet av barnet og kva det meistrar), skal tilsette på basen vere merksam på barnet som har vanskar og som treng tidleg innsats.

1. Dersom eit barn har vanskar

1. Få oversikt, drøfting med tilsette på basen, gjennomgang av observasjonar. Kva utfordringar har barnet
2. Vurder organiseringa av dagen på basen
3. Vurder gruppeinndelinga på basen, fast plassar
4. Samtale med foreldre, kartlegg moglege årsaker – og tiltak

2. Kven:

1. Alle vaksne har ansvar for å observere alle barn på basen
2. Alle vaksne har ansvar for å melde frå til pedagogisk leiar på basen dersom dei ser eit barn som kan ha behov for hjelp og støtte
3. Pedagogisk leiar/barnehagelærar har ansvar for at det blir iverksett tiltak og laga tiltaksplan

3. Tiltaksplan

1. Tiltak som kan hjelpe og støtte barnet i kvarldagen blir skrive ned i ein tiltaksplan
2. Sett tidsramme i planen
3. Evaluering av mål og tiltak blir skive inn i planen
4. Evaluér korleis tiltak verkar inn på dagen til barnet
5. Møte med føresette, drøft vegn vidare

4. Vurder bistand og veiledning

1. PPT
2. Helsestasjon
3. Barnevern

Tiltak som kan hjelpe et barn

Støtte og tilrettelegging i frileik

- Iverksette leikegrupper med færre barn
- Redusere utval av materiell og leiker, då dette kan virke forstyrrende
- Frileik når barnet er mest opplagt
- Avslutte mens «leiken er god», slik at leik ikkje vert avslutta med konflikt
- Ein tilsett er nær og tilgjengeleg for barnet ved behov
- Vise barnet korleis ulike materiell og leiker brukast
- Aktiv tilsett i leik vil hjelpe barnet inn i ein leik

Støtte og hjelp i planlagde aktivitetar:

- Vurder størrelsen på gruppa, kan det vere færre barn i ei gruppe?
- Vurder kven av barna som skal vere på gruppe saman
- Ha aktivitet i eit rom utan for mange forstyrringar
- Rydd vekk materiell og utstyr som kan ta merksemda
- Visuell støtte
- Hjelp barnet i gang
- Eventuelt gje barnet eit produkt som er påbegynt slik at barnet kjenner på meistring ved å gjere det ferdig

Støtte og hjelp i overgangssituasjonar:

- Førebu barnet. Bruk gjerne dagstavle med biletar som visuell støtte
- Ein beskjed om gangen
- Ein informasjon om gangen
- Vær enkel og konkret. Ikke forvent at barnet skal gjette seg til kva du meiner
- Minst mogleg ventetid for eit barn med høgt aktivitetsnivå

Støtte og hjelp i matstasjonar

- Faste plasser er forutsigbart for barnet

- Har barnet mykje uro kan det vere godt for barnet å sitje ved enden av bordet
- Vurder kva andre barn barnet har rundt seg
- Vurder kvar den tilsette skal sitte i forhold til barnet
- Hjelp og støtt barnet med turtaking og samtale
- Ikke ha forventningar om at barnet kan sitte roleg over lang tid
- Vurder kor lenge eit måltid skal vare

Støtte og hjelp i garderobesituasjon

- Drøft korleis garderobesituasjon kan organiserast for å unngå mange barn og mykje støy på ein gong
- Gje tydeleg og klar rettleiing i kva barnet skal ha på seg
- Gje tydeleg og klar rettleiing gjennom avkledningsprosessen
- Vurder målsettinga. Er det viktigast at barnet får komme ut og delta i leik med andre, bør barnet få hjelp for å unngå at det strevar for lenge med påkledning
- Kan andre rom nyttast til påkledning?

Støtte og hjelp i samlingsstund

- Vurder om hele basen skal ha samlingsstund eller om gruppa skal delast
- Legg inn faste element i innhaldet, det er forutsigbart for barna
- Ta omsyn til barnets merksamsvanskar og aktivitetsnivå
- Ha eit variert program som tek omsyn til barnets behov for bytte av aktivitet (musikk, song, dans...)
- Bruk visuell støtte

Dagsplan

- Ein dags- og aktivitetsplan med biletar/visuelle symbol
- Dagsplan er gunstig for mange barn

Tiltaksplan

Dato:	Namn på barn:
-------	---------------

Kva utfordringar har barnet:

I kva situasjonar Gjennom dagen kan me sjå utfordringane:

Tiltak som skal iverksetjast:

Kven gjennomfører tiltaka?

Dato gjennomføring

Dato for evaluering

Signatur for utfylt tiltaksplan: _____

